

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Monica Åsnes, Samferdsleavdelinga  
Sak nr.: 17/8296-18

### Skaldegard - ny handsaming

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Skaldegard AS får mellombels løyvefritak for persontransport fram til 30. april 2019. Fylkesutvalet (FU) legg til grunn at det vert vedteke prinsipp knytt til løyvefritak før 1.april 2019, jf. FU sitt vedtak i sak 29/18.
2. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for ei vogn som skal vere uniformert med selskapslogo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva motorvogn (reg.nr) som vert nytta.
3. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for personreiser innanfor Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Skjerdal i regi av Skaldegard AS.
4. Generelle krav iht. gjeldande regelverk må verte stetta. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.
5. Dersom Skaldegard AS får medhald i klagen som er til handsaming i Samferdsledepartementet vil dette mellombelse løyvefritaket falle bort og bli erstatta av eit vanleg løyvefritak (3 år).
6. Dersom Skaldegard AS ikkje får medhald i klagen sin, vil dei kunne nytte det mellombelse løyvet fram til 1. april 2019, dvs. fram til fylkeskommunen har gjort vedtak om sin prinsipielle politikk på området.

#### **Vedlegg:**

1. Høyringsfråsegn Norges Taxiforbund
2. Høyringsfråsegn Aurland Taxi
3. Rundskriv frå samferdsledepartementet om løyvefritak

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn for saka**

I fylkesutvalet vart det i møte 20. juni i år antyda at ein ev. kunne gje mellombels løyvefritak til Skaldegard i påvente av avgjerd i klagesaka som er til behandling i Samferdsledepartementet. Saka vart første gong handsama i hovudutval for samferdsle den 22.03.2018, og gjekk vidare til fylkesutvalet den 04.04.2018. I vedtaket frå fylkesutvalet fekk Skaldegard AS avslag på søknad om løyvefritak. FU vedtok at det skal utarbeidast ei prinsippsak før nye løyvefritakssaker vert lagt fram for utvalet.

Skaldegard AS klaga på vedtaket. Saka kom opp til ny vurdering i fylkesutvalet som underinstans 02.05.2018. Klagen frå Skaldegard AS vart ikkje teken til følge, og vart sendt til Samferdsledepartementet for endeleg avgjerd.

Fylkesutvalet fekk i møte 20. juni framlagt eit brev frå ein annan søkjar, der det vart gjort merksam på utfordringar knytt til transport når ein var avhengig av ekstern transportør til internttransport av eigne kundar. Fylkesutvalet har difor bedt om ei sak der det vert vurdert eit mellombels løyvefritak fram til klagesaka, og prinsippsak om løyvefritak, er avgjort.

Av andre moment som er relevante kan det trekkjast fram at Gudvangen taxi har varsla oppseiing av drosjeløyvet med verknad frå 12.06.2018. Dette gjer at det vil vere færre drosjer tilgjengeleg i området inntil vidare.

### **Nytt regelverk frå 2012 som opnar for løyvefritak**

I 2012 vart det innført ei ordning med løyvefritak for småskala turistverksemdar (dispensasjon etter yrkestransportloven § 21). Unntaket gjeld t.d. guiding, sightseeing og andre opplevingsarrangement der det er nødvendig å tilby persontransport som ein tilknytt del av arrangementet.

Det vart sett ein del krav til slike løyvefritak, mellom anna:

- Gjeld berre for transport av eigne kundar til og frå aktivitetar i eigen regi.
- Bilstørrelse inntil 9 seter
- Krav til økonomi, vandel, køyresetel er som for ordinære løyve.

Fylkeskommunane har fått delegert mynde til å gi løyvefritak. Samferdsledepartementet er klageinstans.

Regelverket vart revidert hausten 2017. Det var ingen større endringar i sjølve ordninga, men det er gjort presiseringar. Mellom anna er det presisert at det skal vurderast om transporten kan utførast av eksisterande løyvehavarar. Nye og gamle retningslinjer er vedlagt saka.

### **Historikk**

#### Fylkesutvalet 4. april 2018

Fylkeskommunen har tidlegare handsama søknad om løyvefritak frå Skaldegard AS. FU vedtok 4. april 2018, sak 28/2018, at det ikkje skulle gjevast løyvefritak for Skaldegard AS.

Vidare vedtok FU at det skal utarbeidast ei prinsippsak om løyvefritaksordninga der konsekvensane for drosjenæringa vert greidd ut. Slik sak skal fremjast før nye søknader vert lagt fram for behandling.

#### Fylkesutvalet 2. mai 2018

Skaldegardsaka vart påklaga. Fylkesutvalet vedtok 2. mai, sak 38/2018, å ikkje ta klagen til følge, klagen gjekk difor vidare til samferdsledepartementet for handsaming der.

#### Fylkesutvalet 20. juni 2018

Fylkesutvalet fekk seg framlagt brev frå Flåm Guideservice. Søknaden deira om løyvefritak har stått på vent jf. FU-vedtak av 4. april. Flåm Guideservice fortel om ein krevjande driftssituasjon grunna manglande løyvefritak. Dei held fram at drosjetransport ikkje er eigna for deira behov.

FU bad fylkesrådmannen behandle søknader som ligg på vent, samt Skaldegard saka. Det vert signalisert at det kan vere aktuelt med mellombels løyvefritak fram til klagesak er behandla og prinsippsak om saksfeltet er vedteken.

### **Ulike former løyve for persontransport**

Vi har to ulike hovudformer for løyve for persontransport, turvognløyve og drosjeløyve.

#### Turvognløyve

Turvognløyve gjeld vogner med 10 seter eller meir. Desse løyva vert gjevne til alle søkjarar som stettar krav til aktuelt løyve. Desse krava knyter seg blant anna til vandel, økonomi og kvalifikasjon. Grunna størrelsen på vogna er det krav til utvida førarkort for førar, samt kompetanse som yrkessjåfør. Køyretyet skal vera utstyrt med ferdsskrivar.

Det er Statens vegvesen som handsamar turvognløyva. Det er ikkje behovsprøving eller avgrensingar i tal løyve. Løyvet som vert gjeve gjeld for heile landet.

Typiske brukarar av turvognløyve er busselskap som må ha turvognløyve i botnen for si verksemd. Dei må i tillegg ha ruteløyve for å drive med persontransport i rute. Den andre gruppa

med turvognløyve er aktørar som tilbyr transporttenester utanfor rute med vogner over 10 seter. Typisk kan det vere ein drosjeløyvehavar som har behov for meir materiell i periodar.

#### Drosjeløyve

Drosjeløyve gjeld for mindre vogner inntil 9 seter. Same generelle krav for løyve som for turvognløyve, men for drosje er det avgrensingar i tal løyver. Då det vert nytta mindre vogner er det ikkje krav til utvida førarkort og yrkessjåførkompetanse.

Løyvemynde må vurdere behovet for eit løyve før det vert gjeve. Dette betyr at tal løyve vert avgrensa slik at kvar løyvehavar er sikra eit levegrunnlag. Som motyting til eit slikt monopol, har drosjeløyvehavar køyreplikt heile døgnet heile året.

#### **Mellombels løyvefritak**

Gjeld for vogner opp til 9 seter. Same generelle krav til vandel, økonomi osv. som for drosje og turvognløyve. Då det vert nytta mindre vogner er det ikkje krav til utvida førarkort og yrkessjåførkompetanse.

Slikt løyvefritak kan gjevast til mindre turistverksemder der transporten utgjer ein integrert, men mindre del, av eit reiselivsprodukt.

Det skal i vurderinga for eit slikt unnatak takast omsyn til om transporten kan utførast av andre løyvehavarar.

## **2. Søknaden**

Skaldegard AS er ei småskala reiselivsbedrift som tilbyr guiding om t.d. historie, geologi, jordbruk osv. Aktiviteten er knytt til garden i Skjerdal, Aurland kommune.

Transporten utgjer ein integrert, men mindre del av produktet.

Søklar trekk fram at dei har behov for fleksibilitet samt rasjonelle transportløyvingar. Ofte er det heilt ned i 2 reisande. Ved større grupper held dei fram at det vil vere aktuelt å nytte andre løyvehavarar, som Aurland Taxi.

## **3. Høyringar**

Saka om løyvefritak har vore til høyring til NHO Transport, Norges Turbileierforbund, Norges Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane og NHO Reiseliv. Det har kome inn høyringsfråsegner frå Norges taxiforbund avd. Sogn og Fjordane og frå Aurland taxi.

Forbundet er prinsipielt imot løyvefritak då det svekkjer marknadsgrunnlaget deira. Det vert peika på at drosjene møter stadig sterkare konkurranse, der store offentlege kjøp som t.d. skuleskyss, serviceskyss og pasientreiser vert gjevne til andre aktørar. Spesielt er det kritisk dersom det vert mange løyvefritak.

Forbundet peikar på at for å kunne ivareta tilbod om køyreplikt rundt om i distriktsfylke som Sogn og Fjordane, er det avgjerande å ha eit tilstrekkeleg inntektsgrunnlag.

Aurland Taxi gjer merksam på at Aurland kommune har mange drosjeløyver i høve folketalet og soleis eit godt transporttilbod. Det vert uttrykt uro for at stadig fleire tek på seg persontransport utan å ha løyve til det. Ev. løyvefritak vil etter Aurland Taxi si meining svekke næringsgrunnlaget til drosjeløyva, noko som i siste instans vil gå ut over innbyggjarane.

Høyringsfråsegnene er lagt ved saka.

## **4. Vurderingar og konsekvensar**

Det å ha tilgang på drosjetenester til alle tider er ein kvalitet for eit samfunn. For å sikre at vi har næringsgrunnlag for slike tenester dei fleste stadane i landet, også i grisgrendte strøk, har vi ordninga med avgrensing og behovsprøving av drosjeløyver.

Drosjene i landet har vore gjennom fleire omleggingar. Det er skjerpa krav til bokføring og taksameter. Anbod på større offentlege avtalar som skuleskyss og pasientreiser er forhold som er spesielt kritisk i område som Sogn og Fjordane.

Drosjane har møtt nye rammer på ein god måte her i fylket og har vist seg konkurransedyktige dei fleste stadar. Likevel er næringsgrunnlaget kritisk lågt mange stadar, noko som kan resultere i

at vi vert ståande utan tilbod. Det kan medføre at innbyggjarane må hente drosjetenester langvegs frå.

Innvendingane frå drosjeforbundet og Aurland taxi må soleis takast på alvor.

### **Søknaden om løyvefritak**

Søknaden om løyvefritak gjeld eit småskala reiselivstilbod der transporten er ein mindre og integrert del av det reiselivsproduktet som vert tilbydd. Det vert vist til at det ofte er svært små grupper og at det ikkje er faste tider. Dette betyr at det er behov for ei fleksibel og skreddarsydd transportløyving. Bruk av ekstern transportør kan vere både uhensiktsmessig, lite rasjonelt og fordyrande. Til dømes får gjerne drosja to turar, eventuelt må den vente til omvisinga er over. Vidare kan det vere krevjande for ekstern transportør å tilby tilstrekkeleg fleksibilitet sidan andre transportoppdrag også må ivaretakast.

Søknaden frå Skaldegard AS om løyvefritak vert vurdert til å falle inn under det som er formålet med ordninga om løyvefritak.

Eit løyvefritak til Skaldegard AS kan svekke næringsgrunnlaget for drosjeløyva i Aurland kommune noko, men vert ikkje vurdert til åleine å medføre stor konsekvens. Drosjeløyvehavar i Gudvangen har i sommar lagt ned verksemda si. Til ein ev. ny løyvehaver er på plass vil det vera færre drosjer i kommunen.

### **Mellombels løyvefritak inntil klagesak og nye fylkeskommunale retningslinjer er avgjort.**

Fylkeskommunen skal vurdere spesielt korvidt søkjar om løyvefritak kan nytte seg av eksisterande drosje og turvogntenester i området.

Fylkesrådmannen har merka seg dei prinsipielle merknadane frå drosjenæringa der dei er bekymra for å svekkje driftsgrunnlaget for drosjer i distrikta.

Ordninga med løyvefritak for mindre reiselivsverksemder er ny for Sogn og Fjordane. Vi har ikkje erfaring som seier oss noko om korleis dette kan påverke næringsgrunnlaget for drosjene. FU ynskjer ei breiare utgreiing før dei gjev denne typen løyvefritak for 3 år, slik departementet legg opp til i rundskrivet. Samstundes er det viktig å ikkje svekkje grunnlaget for små reiselivsbedrifter som er avhengig av ein fleksibel transport som ein integrert del av reiselivsproduktet sitt.

Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gjeve eit mellombels løyvefritak fram til klagesaka til Skaldegard AS er handsama i Samferdsledepartementet, samt at prinsippsak om løyvefritak er på plass.

Sidan det må stå ein dato i løyvefritaksdokumentet, rår fylkesrådmannen til at denne vert sett til 30. april 2019. Dette bør vere høveleg tid sett i lys av at departementet må ta ei avgjerd i klagesaka, samt at det må vere tid til å gjennomføre nye høyringsrundar og saksførebuingar for nye søknader.

## **5. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår til at det vert gjeve løyvefritak til reiselivsbedrifta Skaldegard AS. Fritaket bør gjelde fram til 30. april 2019. Eg legg til grunn at klagesaka er avgjort i Samferdsledepartementet hausten 2018, og at prinsippsak om fritak er handsama før nemnde dato.

Løyvefritaket gjeld for ei motorvogn som skal vere uniformert med selskapslogo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva motorvogn (reg.nr) som vert nytta.

Løyvefritaket gjeld for personreiser innanfor Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Skjerdal i regi av Skaldegard AS.

Generelle krav iht. gjeldande regelverk må vere stetta før det vert gitt løyvefritak. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.